

# HØYRING: Forslag til struktur i nytt fakultet

*Fakultet for lærarutdanningane, idrett og kulturfag (arbeidstittel)*

## 1.0 Bakgrunn

Høgskulestyret skal i september 2017 gjere vedtak om instituttstruktur ved dei fire fakulteta på HVL. Dei tre dekanane for lærarutdanning i Sogndal, Bergen og Stord har eit ønskje om så brei involvering som mogleg, og gjennomførte 23.-24. mai ei samling på Solstrand med deltakarar frå dei tre studiestadane. Oppdraget til desse var å kome fram til forslag til ulike modellar for organisering av det nye fakultetet med omtale av fordelar og ulemper. Til saman vart det tenkt ut skisser til fire modellar fundert på to hovudtilnærmingar – disiplinbaserte og utdannings/profesjonsbaserte instituttmodellar. To av modellane låg innanfor ei disiplintilnærming, ein modell var ein hybrid av begge tilnærmingane og den fjerde var ein utdannings- eller profesjonsbasert modell.

I gruppearbeidets første del utarbeidde grupper, samansett på tvers av campusane, fram fire modellar. I andre runde valte deltakarane modell og arbeidde ut frå nokre haldepunkt. Deretter bytta gruppene modellar for å sikre ein variasjon i synspunkt og perspektiv.

Deltakarane fekk følgjande haldepunkt undervegs i gruppearbeidet:

---

Fastsatte prinsipper for organiseringen av institutter ved HVL (nivå 3):

- › Campusovergripende instituttenheter
  - › **Instituttene skal være store enheter med faglig kapasitet til å understøtte masterprogram**
- › Studenten i sentrum – forskningsbasert utdanning er primærvirksomhet

### **Til gruppearbeidet (fyll inn i PPT arkene som følger)**

Hva er styrker og svakheter når vi ser målsetningene hver for seg?  
I hvilken grad svarer foreslått på modell på målsetningene under?

Målsetninger:

- › Endring fra bacheloravdelinger til å bli et master og Ph.d.- fakultet
- › Høy kvalitet i utdanning og forskning, og bidra til innovasjon
- › Større fokus på partnerskap og internasjonalisering
- › Effektiv ressursutnyttelse
- › Sammenheng, tverrfaglighet og samhold
- › Tilhørighet for ansatte og studenter
- › Tydelig og forståelig for ansatte og studenter
- › Bidra til tydelig rolleforståelse og tydelige ledelseslinjer



På bakgrunn av arbeidet som vart gjort på seminaret blir tre modellar presentert i dette høyringsutkastet. Dei to disiplinmodellane er slått saman som følgje av at dei prinsipielt tenker ganske likt og argumentasjonen for og i mot modellen kjem frå begge gruppene. Den andre modellen blir då ein hybridmodell, der barnehagelærarinstituttet er tenkt som profesjonsinstitutt medan resten er institutt tufta på fagdisiplinar. Den tredje modellen er ein profesjonsmodell som tar utgangspunkt i utdanningane som fakultetet skal tilby. Ingen av modellane er heilt ferdige.

Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet skal bli del av det nye fakultetet frå 01.01.2018. Etablering av andre senter, administrativ struktur og rådsstruktur vil bli fastsett seinare.


Denne høyringa varer i perioden 1. juni til 1. juli. Etter høyringa vil det bli utarbeidd eit framlegg til fagleg struktur i fakultetet. Framlegget vil vere grunnlag for høyringsmøte som den nye dekanen vil gjennomføre på kvar campus i andre halvdel av august. Saka vil deretter bli lagt fram for høgskulestyret i slutten av september.

Til lesinga av dei enkelte modellane: I alle modellane står det tal på tilsette fordelt på dei enkelte institutta. Dette er ikkje nøyaktige tal og er berre meint å vise ein samanliknbar storleik mellom dei ulike fagmiljøa/institutta. Det er heller ikkje alle fagmiljø som er ein del av fakultetets tilsette.

Høyringa vil bli gjennomført med hjelp av Questback. Kvar høyringsinstans mottar ei lenke til eit spørreskjema som leiar for den aktuelle høyringsinstansen rår over.

## 2.0 PRESENTASJON AV MODELLANE

### 2.1 Disiplinmodell



#### 2.1.1 Om modellen

Disiplinmodellen bygger på dei tradisjonelle fagmiljøa ved lærerutdanningane som grunnstein i strukturen. Bakgrunnen for ei slik tenking er at forskning og mykje av undervisninga som skjer, skjer i det enkelte faget. Det enkelte faginstitutt vil i denne modellen levere undervisning i den enkelte utdanning. Studieprogramma går på tvers av institutta med programleiarar som ansvarlege for dei enkelte utdanningsprogramma. Programleiar er leiar av programutvalet med representantar frå institutta som leverer undervisning til programmet. Den enkelte campus vil enten ha ein instituttleder eller ein assisterande instituttleder, der assisterande instituttleder har personalansvar på sin studiestad i tillegg til eit områdeansvar for enten utdanning eller FoU. Den som har ansvar for utdanning, sit i programutvalet for utdanningane instituttet har ansvar for. Det same prinsippet gjeld for den som har ansvar for FoU. På den måten knyt ein leiinga av studieprogramma og institutta tettare saman. Kvar studiestad vil ha studieleiarar knytt til dei enkelte programma.


*Vektleggingar av fordelar og ulemper ved modellen gitt av forslagsgruppa og "opponentgruppa":*

**Fordelar:** Krav om masterprogram føreset sterke fag- og forskingsmiljø. Alle institutta har master og masterstudentane treng å møte fagspesialistar i sterke fagmiljø som genererer forskningssøknader studentane kan ta del i. Fagmiljøa vil ha ansvar for undervisning innan fleire utdanningar og vil ha god synergieffekt av fagleg samarbeid på tvers av campusar og av dei pedagogiske/didaktiske perspektiva mangfaldet av utdanningar representerer inn mot fagområdet. Internasjonalisering gjennom forskningssamarbeid tar utgangspunkt i fagmiljøa og kontaktane som er etablerte innan desse. Disiplinorganisering gir fleksibilitet, særleg for dei små fagmiljøa, og er mindre sårbar m.a. med tanke på sjukdom og endringar i studieporteføljen. Tilsette sin faglege identitet og tilknytning til naturleg

fungerande institutt er viktig. Færre leiarnivå og tettare kontakt mellom fagpersonar og leiing gir betre slutningsgrunnlag for leiarar.

*Ulemper:* Den heilskaplege tenkinga rundt utdanningsprogram kan bli utydeleg for studentar og tilsette. Det er uklart korleis fagmiljøa skal handtere ein situasjon der det er eit stort fagmiljø på ein campus og små på dei to andre. Det er uklart kor ansvaret for forskning på tvers av institutta skal ligge med forskingsleiarar knytt til institutt. Det er uheldig at det nasjonale senteret ligg for seg sjølv. Modellen er uklar/ubestemt på programansvarlege sine handlingsrom. Det er ei viss ubalanse i storleiken på dei enkelte institutta.

## 2.2 Hybridmodell



### 2.2.1 Om modellen

Denne modellen trekk vekslar på disiplinmodellen (2.1), men har i tillegg eit institutt som er profesjonsretta. Ein grunnleggande føresetnad for modellen er dagens organisering av barnehagelærarutdanninga i kunnskapsområde, som (samanlikna med GLU-utdanningane) gir eit ekstra nivå mellom utdanningsprogram og enkeltfaga. Den pågåande samkøyringsprosessen av barnehagelærarutdanningane ved dei tre studiestadane kan endre dette premisset dersom utdanninga blir meir lik strukturen i GLU. I denne modellen er programansvarleg for barnehagelærarutdanninga ein del av instituttet, slik som i profesjonsmodellen (2.3), medan dei fire andre institutta har programansvarlege på nivået over. Disiplinorganiseringa i hybridmodellen er kjenneteikna av å skilje lag med dei tradisjonelle fagkombinasjonane i disiplinmodellen (m.a. for å kome fagfornyng i grunnskulen i møte), men dette er ingen grunnleggande føresetnad for modellen. Modellen legg vekt på at det er viktig at det ikkje er tette skott mellom institutta.

*Vektleggingar av fordelar og ulemper ved modellen gitt av forslagsgruppa og "opponentgruppa":*


Disiplinorganiseringa i delar av instituttet vil ha dei same fordelar og ulemper som i disiplinmodellen.

**Fordelar:** Alle institutt har masterutdanning. Forsking og utvikling innan BLU vil bli styrka. Det er eit godt grunnlag for tverrfagleg samarbeid og innovasjon. Personalansvarleg vil vere den same som har ansvar for arbeidsplan for den enkelte. Disiplinorganiseringa i dei fire institutta sørgjer for tilhøyrsløse til faget og sørgjer for at instituttstrukturen er ein kjent struktur for dei tilsette.

**Ulemper:** Opnar for fragmentering av disiplinær ved å ha eit eige BLU-institutt. Det er ein sterk ubalanse i storleiken på institutta, det kan gi utfordringar når det kjem til fordeling av ressursar til FoU og liknande. Stillingstorleiken kan bli mindre enn 100% i enkelte fag i kunnskapsområda i BLU-instituttet. Studentane har størst tilhøyrsløse til programmet dei går på. Det er framleis ei utfordring i den disiplinbaserte delen av instituttorganiseringa.

## 2.3 Profesjonsmodell

### Profesjonsinstitutt



#### 2.3.1 Om modellen

Denne modellen har eit utgangspunkt i utdanningane og har valt å organisere institutta deretter. Her er det tenkt inn at assisterande fakultetsleiarar skal inn i leiargruppa på det enkelte instituttet for å sikre ei god forankring til institutta frå fakultetsleiinga. Dei skal i tillegg ha ansvar for ulike felt, som t.d. at ein assisterande instituttleder har eit spesielt ansvar for praksis, ein annan for internasjonalsisering, osv. Den enkelte studiestad skal ha leiarar med personalansvar.

*Vektleggingar av fordelar og ulemper ved modellen gitt av forslagsgruppa og "opponentgruppa":*

**Fordelar:** Styrkar høvet til profesjonsorienterte mastergrader. Utdanningane blir profesjonsorienterte, heilskaplege og styrkar ambisjonen om å bli eit profesjonsuniversitet. Fagpersonalet blir tettare på utdanningane. Modellen styrkar tverrfagleg forskning og tverrfaglege fagmiljø inn mot utdanning og praksisfelt, og har lettare for å følgje kvalitetsmelding og studietilsyns forskrift. Når dei faglege er organiserte etter utdanning, kortar det ned eit organisasjonsledd. Modellen skapar lettare tilhøyrsløse for studentane ved at institutta får studentane gjennom heile utdanningsløpet.

Ulemper: Fagmiljøa blir delt opp og blir mindre robuste. Modellen krev eit tett samarbeid mellom leiarar av institutt for å sikre god utnytting av faglege ressursar når stillingar må delast opp mellom institutt. Det kan dermed potensielt bli ei ulempe at fagleg kompetanse ikkje følgjer utdanningane. Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet er ikkje plassert.

### 3.0 HØYRINGSSPØRSMÅL

#### *Overordna problemstillingar*

Vi ber høyringspartane om å strukturere høyringssvara etter følgjande spørsmålsstilling. Om høyringspartane har innspel som fell utanfor spørsmåla - gi desse under punkt 3.

1. Høyringspartane blir bedne om å koma med innspel på modellane som er presentert.
2. Høyringspartane blir bedne om å ta stilling til kva modell som er den beste for fakultetet.
  - a. Kva endringar må gjerast i valt modell for å gjere den best mogleg for fakultetet?
3. Dersom din føretrekte modell ikkje blir valt, kva modell vil du då føretrekke? Gi eventuelle innspel til forbetring av denne modellen.
4. Generelle innspel

Questback skal brukast i høyringa.

## Høyringsinstansar:

### AL, Bergen

1. Musikk (Anne K. W. Turøy)
2. Naturfag (Anne M. Lynngård)
3. Kunst og håndverk (Arnhild L. Stenersen)
4. Norsk (Dagmar A. Cejka)
5. Mat og helse (Eldbjørg Fossgard)
6. Idrett (Tone Nybakken)
7. PPU (Gisle Heimly)
8. Tegnspråk og tolking (Inger Birgitte Torbjørnsen)
9. Matematikk (Johan Lie)
10. Drama (Mette B. Lyngstad)
11. Engelsk (Monika Bader)
12. Pedagogikk GLU (Siv K. Y. Borgen)
13. RLE (Torstein Selvik)
14. Samfunnsdag (Jacob Melting)
15. Pedagogikk BLU (Vigdis Foss)
16. Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon (Silje Valde Onsrud)
17. Ledergruppen (Nina Grieg Viig)
18. Avdelingsadministrasjonen (Tone Reistad)
19. Studentråd AL (Studentrådsleder Pia Oline Lilleskaret Lunde)

### ALK, Stord:

20. Seksjon for norsk (Hanna Belsvik)
21. Seksjon for matematikk (Tesfa Mengiste)
22. Seksjon for kroppsøving (Trond Egil Arnesen)
23. Seksjon for pedagogikk (Kirsti Frugård)
24. Seksjon for samfunnsfag (Erik Bulie)
25. Seksjon for KRLE (Olav Christian Ruus)
26. Seksjon for kunst og handverk (Kjetil Sømoe)
27. Seksjon for musikk (Jonas Selås Olsen)
28. Seksjon for mat og helse (Solveig Helming)
29. Seksjon for IKT i læring (Svein Ove Lysne)
30. Seksjon for engelsk (Kari Jorunn Lunde)
31. Seksjon for naturfag (Per Fadnes)
32. Seksjon for drama (Kirsti Aksnes)
33. Studentråd ALK (studentrådsleiar Jan Erik Kallevik Vatland)
34. Leiargruppa ALK (Kjell Magnar Helland)
35. ALK administrasjon (Solveig Grønsdal )

### ALI, Sogndal

36. Faggruppe Matematikk (Anne Norstein)
37. Faggruppe Norsk (Eli Bjørhusdal)
38. Pedagogikk GLU (Marit Irene Uglum)
39. Pedagogikk BLU (Merethe Nornes Nymark)
40. Faggruppe Estetiske fag (Lena Skjerdal)
41. Faggruppe Engelsk (Miroslaw Wiacek)

- 42. Idrettsinstituttet ( Frode Fretland)
- 43. ALI administrasjon (Kirsti Møller Bruland)
- 44. ALI Leiargruppe (Solfrid Kjøberg)
- 45. Studentråd ALI (studentrådsleder Joakim Fossheim)

Fagforeningene på HVL (virksomhetsnivå):

- 46. Sykepleierforbundet (Reidun Stavland)
- 47. Akademikerne (Pål-Albert Olsen)
- 48. Parat (May Britt Sandstål)
- 49. NTL (Tone Skjerdal)
- 50. Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)
- 51. Utdanningsforbundet (Torunn Herfindal)

I tillegg:

- 52. GLUP (Jan Olav Fretland)
- 53. Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet (Ingrid Leversen)
- 54. Prorektorer (Rasmus Stokke, Bjørg Kristin Selvik, Liv Reidun Grimstvedt og Gro Anita F. Flaten)